

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet 27.04.2023**

Dok. ref.:		Møtedato/ Tid:	27.04.23 18:00
Stad:	Kolltveit skule	Møtenr.:	2/2023
Referent:	Odd-Erik Kjeldstad, rektor		
Til stades:	Frode Ekerhovd, Conny Olufsen, Odd Erik Kjeldstad, Anne-Helen Skjold Wiig, Anne Haugro, Anne-Lise Hjartåker og Sølvi Kobbeltvedt		
Forfall:	Elevrådsrepresentantane.		

SAKSLISTE

Tema	Saker	Oppfølg.
Faste saker		
Saker frå skulen	<p>Leksehjelp Rektor informerte om ei endring i leksehjelpsordninga som vil gjelda frå neste skuleår. Tidlegare har skulen gjeve tilbod om leksehjelp til elevar frå 1.-4. trinn men av praktiske og pedagogiske årsaker vil elevar frå 4.-7. trinn frå neste år i staden få tilbod.</p> <p>Leksehjelp er eit frivillig tilbod som ikkje gir rett til skuleskyss om ein deltek.</p> <p>Ombygging: Anne-Helen informerte om ombygginga. Ho formidla at arbeidet til no har gått overraskande fint og at det har generert lite støy og støv.</p> <p>Fau-leiar formidla at det var ytra ynskje frå foreldre om jamleg info om status for prosjektet, noko skulen ser behov for og vil imøtekoma.</p> <p>Anne-Helen informerte om status for opsjonane i prosjektet. Slik situasjonen er no, så ser det ut som at dei fleste opsjonane vil bli gjennomført. Men her er ikkje alt sikkert, så inntil vidare så kan ikkje skulen gå ut med informasjon utover det som allereie er gjeve.</p> <p>Temakveld til hausten. Fau og skule ynskjer ein temakveld for foreldre saman med undervisningspersonalet til hausten. Det er behov for å samsnakka utfordringa knytt til sosiale media, nettvett etc.</p> <p>Vi set av tysdag 7. november til temakveld og reknar med ombygginga er ferdig slik at vi kan bruka gymsalen. Fau vil at vi saman bestiller inn barnevakta for dette oppdraget.</p>	<p>Rektor</p> <p>Anne-Helen</p> <p>Rektor/ FAU-leiar</p>

	Skule og fau opprettar ei arbeidsgruppe som skal ha ansvar for temadagen Fau-repr. Linn Mc Connachie deltek for FAU.	
Saker frå FAU	<p>Klasseforeldremøte Fau etterlyste foreldremøte som vanlegvis har vore gjennomført om våren/vinteren. Nokon trinn har gjennomført, men ikkje alle. Lærarrepresentantane formidla at det har vore uklart om kva som er rutinen, og at det dei siste åra har vore gjennomført færre møte som følgje av pandemi. Her har det nok vore ei glipp frå skulen si side, noko leiinga vil sjå på i samanheng med utarbeiding av ein ny skule-heim plan.</p> <p>Halloween 27. oktober. Fau vil arrangere halloween-fest for elevane på kveldstid. Fau-leiar bad skulen halde av dato for arrangement som vert 27. oktober.</p> <p>Uteområde. Det vart meldt om hol i gjerdet ved fotballbana som kan medføre manglande tryggleik for elevane. Saka må meldast til drift for utbetring.</p> <p>Tryggleik i samband med bygging av Sotrasambandet. Ein del foreldre har meldt bekymring for trafikksituasjonen som følgje av vegbygging i område. Dei lurar på om skulen har vurdert om det er aktuelt med elevtransport. Leiinga har tidlegare vore i kontakt med vegvesenet som seier generelt at nødvendige tryggleikstiltak vil bli sett i verk dersom det er behov for det. Det er uklart for SU om arbeidet i område vil få innverknad på skulevegen til elevane. Kommunal representant vil ta opp saka med Sotralink og be om meir informasjon til SU. Skulen v/leiing vil følgje nøye med og fortløpande be om tiltak dersom det er nødvendig.</p>	<p>Rektor</p> <p>FAU</p> <p>Rektor</p> <p>Sølvi Rektor</p>
Saker frå Elevrådet	Elevrådet var ikkje til stades.	
Saker frå SFO	Ingen saker frå SFO	